


**FAGFORBUNDET**

 Radøy  
 5936 Manger

 Radøy Kommune  
 V/ Ordfører  
 og Rådmann

Manger den 23.04.2015

**VEDRØRANDE KOMMUNEREFORMA OG ANRE SAMARBEIDSFORMER PÅ  
 TVERS AV KOMMUNANE I NORDHORDLAND.  
 SAMARBEID OG KRAV OM REPRESENTASJON**

Fagforbundet er gjort kjent med at arbeidet i samband med kommunereforma, eventuell samanslåing av fleire kommunar i Nordhordland har vore tema på politisk / administrativt nivå dei siste åra.

Slik det har vore til no er dei tilsette i kommunane, og deira organisasjonar vore dårleg informert om kva som skjer.

Vi viser til Hovedavtalen i KS sitt forord, der det vert presisert viktgheta av at dei tillitsvalgte vert involvert så tidleg som mogeleg når omstillingar og reformer skal gjennomførast, slik at medråderett og medvirkning vert ivereteke, jfr HA del B, § 1 *formål, samarbeid, medråderett.*

Gjennom samarbeid, god informasjon og drøfting skal det for organisasjonane vera mogeleg å påvirke prosess og resultat.

Fagforbundet er kjent med at det i samband med kommunereforma er etablert samarbeidsordningar på tvers av kommunar i Nordhordland. Det er og kjent at det er etablert ulike samarbeidsfora i samband med Samhandlingsreformen, Helsehus m.fl.

Med visning til Formålsbestemmelsen i Hovedavtalens del B § 1-4-3, samt Felleserklæringen mellom partene i arbeidet med Samhandlingsreformen, krev Fagforeningane i Nordhordland representasjon med 2 representanter i dei ulike samarbeidsfora som er / vert etablert.

Desse skal representere og ivareta Fagforbundet sine medlemmer i drøftingane som pågår i samband med mogleg samanslåing av kommunar i Nordhordland. På alle møter der kommunereforma er tema, ber vi om å bli innkalla.

Ber om snarleg tilbakemelding på vårt krav.

 Med helsing  
 Fagforbundet Radøy


 Thormod Bendiksen  
 Leiar


 Else Soltveit  
 Hovudtillitsvald